



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 27.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2023 – LIASLETTET I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2023/309.

Utført arbeid 2023

Slått

Første økt med slått var 29.8. då den midtre tredelen blei slått. Neste dag blei det slått like mykje, slik at det er att litt øvst og litt nedst, og litt mot aust. Mesteparten blei raka saman då det var litt tørk. Mykje av det som blei slått første dagen blei transportert vekk nokså grønt. Det blei slått og henta lass fram til og med 1.9. Det som stod igjen mot sør og aust blei slått 25.9. og transportert vekk same dag.

Mykje av graset blei liggande to dagar, ein del litt meir, før det blei fjerna.

Avlinga blei ein del mindre enn i fjor 6,5 m3 mot 11,5 m3 i fjor. Det blei ikkje tørrhøy i år.

Det er litt einstape nedanfor uthuset og ein mindre flekk langt nede på austsida. Einstapen blir slått samtidig som det andre og ser ikkje ut til å spreie seg, heller reduserast noko.

Hogst

Det var sett av 3500 til hogst i år. 3 timar blei bruka til å få unna dei 2 lassa som blei hogd i fjor.

Restaurering

Det er ikkje utført typisk restaureringsarbeid i år.

Artsobservasjonar

Fiolett greinkøllesopp blei sett også i år. Honningvokssopp og rød honningvokssopp må også nemnast.

Det er lagt inn nokre funn på www.artsobservasjoner.no også i år.

Deltaking

Ein del elevar har vore på lokaliteten som ein del av Den naturlege skulesekken.

Elles er det mange som har sett enga i år, sidan det er Stikkutmål som går forbi.

Det har ikkje vore dugnad på denne lokaliteten i år, så arbeidet er utført av Folden grønt og plan.

Økonomi

	Søkt	Fått	Brukt	
Slåttarbeid	9250	4000	6290	
Hogstarbeid	3700	3500	1110	Køyrte vekk stokkar frå hogst 2022.
Køyring	300	0	297	
slåmaskinleige	1200	1200	1200	
Sum	14450	8700	8897	

Det er brukt i alt 20 timar på skjøtsel. Slått utgjer 17 timar og hogst 3 timar. I tillegg er administrasjon gjort på dugnad.

Behov neste sesong

Det er mange tre som gjev skugge. Hogst er difor aktuelt.

På austsida står det noko bjørk mellom steingarden og det som blir slått, delvis der det blir slått. Det står noko bjørk i engkanten på vestsida også. Trea merkast på grastørken.

Særleg på austsida vil fjerning av fleire tre også auke kontakten med steingarden. På austsida er det nok også mogleg å slå ein del meir blåbærlyng, slik at det blir meir graspreg nærare steingarden.

For å halde unna for tilveksten er det nødvendig med noko hogst langs kantane nesten kvart år.

Granskogen på nedsida (sørsida) (Eigar fylkeskommunen?) veks år for år. Når denne blir hogd er det viktig at det ikkje blir planta gran på nytt.

Naturvernforbundet er i dialog med eigar og er innstilt på å halde fram skjøtselen også i 2024.

Med helsing

Øystein Folden
Slåttesjef

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 29.08.2023, Øystein Folden. Omtrent heile denne delen hadde små bartre og øvre del også ein del bjørnebær inntil ganske nyleg.



Figur 2. Foto 29.08.2023, Øystein Folden. Frå midten og oppover før slått.



Figur 3. Foto 29.08.2023, Øystein Folden. Ein del av nedre del er slått.



Figur 4. Foto 30.08.2023, Øystein Folden. Øvre del er slått. Ein del areal i høgre kant hadde små bartre og bjørnebær for nokre få år sidan. Avlinga er lita.